

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Kviknes Hotel, Balestrand

Dato: 11.03.2020

Tidspunkt: 13:00 – 15:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune

Følgjande varamedlemmar meldte forfall:

Namn	Representerer
Marit Aakre Tennø	Luster kommune

Merknader

Nestleiar Kari Synnøve Muri leia møtet då styreleiar meldte forfall.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

____Kari Synnøve Muri____

____Mariel Eikeset Koren____

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 9/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 11/20	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 12/20	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2020		2019/21874
ST 13/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - Jostedalsbreen - oppsetting av midlertidig værstasjon i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2020/4234
RS 4/20	Sluttrapport andre år restaurering drifteveg Sunndalen - Jostedalsbreen nasjonalpark		2019/13191
RS 5/20	Sætrar og kulturminne i Briksdal		2020/2246
RS 6/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdsel med snøskuter - kjentmannskjøring - Førde Røde Kors		2020/4091
RS 7/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - breturkartet - førespurnad om delfinansiering - 2020 - Norsk Bremuseum		2019/5689

ST 9/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 11.03.2020

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 10/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 11.03.2020

Handsaming i møte

Kari Synnøve Muri føreslo Mariel Eikeset Koren til å underskrive protokollen, i lag med nestleiar.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 11/20 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 11.03.2020

Handsaming i møte

Sekretariatet la i møtet fram følgjande liste med saker til orientering og drøfting:

1. Jostedalsbreen nasjonalpark – orientering frå SNO Jostedalsbreen
2. Forvaltningsplan
3. Orientering om verneforskipt og vedtekter
4. Tilsetjingsprosess vikar
5. Kontorstad på Sandane prøveordning for forvaltar
6. Skålastiprosjektet
7. Mediesaker sidan sist
8. Møteplan

Styret la til ein presentasjonsrunde som pkt.9. under orienteringssaker.
Nokre av punkta vart utsett til neste møte.

1. SNO viste bilete og gav ein interessant historisk tilbakeblikk frå nasjonalparken.
2. Utsett til neste styremøte.
3. Utsett til neste styremøte.
4. Styret bad om å få melding så snart tilsetjing i vikariatet som nasjonalparkforvaltar er gjort.
5. Tor Arne har frå 1.mars arbeidsstad på Sandane som ei prøveordning.
6. Skålastilaget har sendt søknad til Miljødirektoratet for å kunne arbeide for å støtte krava for ei autorisasjon av Skålastien som nasjonal turiststi. Målet er å oppnå autorisasjon i 2021.
7. Det har vore fleire og varierte medieoppslag den siste tida. Desse vart gjennomgått raskt.
8. Neste møte vert i Trondheim eller på Skype 5. eller 6. mai.
9. Kort presentasjonsrunde rundt bordet. I tillegg til dei møtande styrerepresentantane var Anne Lilleaasen, vara for Oddmund Klakegg, til stades på møtet som observatør.

Styret drøfta sakene og tok dei til vitande.

ST 12/20 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2020

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 11.03.2020

Handsaming i møte

Framlegg til fordeling av tiltaksmidlar vart lagt fram jf. innstillinga. Sekretariatet orienterte kort om dei einskilde tiltaka. Det vart lagt særleg vekt på å forklare endringane i summar på einskild prosjekt i høve bestillingslista som styret handsama i desembermøtet.

Sekretariatet orienterte om at det før møtet har vore kontakt med miljødirektoratet for å undersøke sjansane for å kunne få ekstra løyvingar over 21-posten til sårbarheitsvurderingar og skjøtselsplanar. Signala var at det truleg ville bli supplerande tildelingsrundar etter sommaren, men at det i 2020 var lite midlar til denne type planarbeid.

Styret drøfta korleis planmidlane (21-posten) best kan nyttast i 2020.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjorde følgjande samrøystes vedtak om fordeling av tiltaksmidlar for 2020.

1	Reparasjon av varde langs Skålastien	10 000
2	Utbetring av punkt på driftevegar i Stryn	30 000
3	Kanaliseringsfordi morenar i Haugadalen	20 000
4	Kanaliseringsferdsel kring Tungestølen	40 000
5	Utbetring av stiparsell på Skålastien	120 000
6	Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen	20 000
7	Plan for utbetring av sti til Flatsteinbu	35 000
8	Reparasjon av erosjonsutsett punkt Oldeskaret	12 000
9	Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen	30 000
10	Fjerning av gran i Fosdalen	14 000
11	Fjerning og rydding av gran i Sunndalen	24 000
12	Uthenting av jernskrot og anna søppel	35 000
13	Vedlikehald av viktige bruar og stiar	40 000
14	Kjettingar og brefareskilt	10 000
15	Utviding av utkikkspunkt ved Kjenndalsbreen	60 000
16	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	0
	Pott	500 000

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Forvaltar bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom det ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpande orientert om prosjekta i løpet av året.

Nasjonalparkstyret v/sekretariatet tek kontakt med Miljødirektoratet for be om ekstra løyvingar over 21-posten til sårbarheitsvurderingar og skjøtselsplanar i samband med supplerande tildelingsrundar.

Styret prioriterer å setje av kr 100 000,- av planmidlane (post 21) til gjennomføring av sårbarheitsvurderingar framfor utarbeiding av skjøtselsplanar i 2020.

ST 13/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - Jostedalsbreen - oppsetting av midlertidig værstasjon i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 11.03.2020

Handsaming i møte

Sekretariatet orienterte om det var ein feil i saksutgreiinga. Siste setning i andre avsnitt i vurderinga skulle vore teke bort.

Sekretariatet tilrådde at det vart teke med eit tredje vilkår i vedtaket:

Det skal setjast opp eit informasjonsskilt på verstasjonen som fortel kort om prosjektet og kva verstasjonen skal nyttast til.

Styret drøfta saka og gjorde følgjande samrøystes vedtak.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til Høgskulen på Vestlandet v/Mette Gillespie, til oppsetting av ein værstasjon på Jostedalsbreen, på breplataet aust for Kjenndalskruna, på følgjande vilkår:

1. Værstasjonen skal fjernast når den ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 30. april 2024.
2. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet.
3. Det skal setjast opp eit informasjonsskilt på værstasjonen som fortel kort om prosjektet og kva værstasjonen skal nyttast til.

Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet, med bilete av masta, eksakt lokalisering på kartet, ev andre observasjonar, m.m.

Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve frå kommune, samt frå grunneigarar.

**RS 4/20 Sluttrapport andre år restaurering drifteveg Sunndalen -
Jostedalsbreen nasjonalpark**

RS 5/20 Sætrar og kulturminne i Briksdal

**RS 6/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdsel med snøskuter -
kjentmannskjøring - Førde Røde Kors**

**RS 7/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - breturkartet - førespurnad om
delfinansiering - 2020 - Norsk Bremuseum**